

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

Nils Marton Aadland (H) og **Kari Foseid Aakre (A)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styreleiar og nestleiar i Museumssenteret i Hordaland. Aadland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkestinget vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland og Kari Foseid Aakre var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Aud Karin Oen (SV) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Museum Vest. Oen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aud Karin Oen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Tor André Ljosland (KrF) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styremedlem i Kode. Ljosland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Tor André Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Nils Marton Aadland, Kari Foseid Aakre og Aud Karin Oen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.
2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellesstenestene for musea i Hordaland.
3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.
4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.